

## **Valldal Bygdekvinnelag**

### **Styremøte 16.november kl. 18.00 på biblioteket**

#### Desse møtte:

Solveig, Bjørg, Mette Marie, Petra, Magnhild

Forfall: Mette N V

Øvrige varamedlemmer var også kalla inn til dette konstituerande møtet, men ingen kunne møte. Sunneva var til stades for å gje vidare protokoll m.m. til nyvald skrivar.

### **Solveig innleia møte med «ord for dagen»**

#### **Sak 1. Orienteringar**

*VBK med blomehelsing i Nikka Grønning si gravferd.*

*Pengegåve som kom inn i samband med Nikka sin bortgang er gitt til laget, det vert sendt ei helsing med takk til dei pårørande for gåva.*

#### **Sak 2. Konstituering**

**Leiar Solveig Linge Stakkestad**

#### **Nestleiar Bjørg Sætren Kleppe**

- *Kontaktperson/ansvarleg for qviss, årsplan, annonsering/media, kontakt med nettansvarleg, kontaktansvarleg for Sansehagen, ansvar for invitasjonar.*

-

#### **Økonomiansvarleg Petra Jemtegård**

- *Ansvarleg for innkjøp, åresal, gåver m.m.*

#### **Styremedlem Mette Marie Døving**

- *Medlem i kafegruppa, kontakt for vertinnegruppene, kontakt til ansvarleg for nyføddgåver*

-

#### **Styremedlem Mette Natland Valdal**

- *Studieleiar*
- *medlem av tur-/aktivitetsgruppa*

#### **1.vara Magnhild Grønningsæter**

- *skrivar, protokoll og utsending av info*

#### **I tillegg til styret:**

#### **Berit Fredriksen**

- *vert innleigd for å ivareta funksjonen som kasserar/føring av rekneskap. Utbetalar godtgjersle m.m.*

#### **Judith Grebstad Krogh**

- *webansvarleg*

### **Sak 3. Årsplan**

Utkast til årsplan for des.2023-juli 2024 vart gjennomgått.

Forslag om at **medlemsmøta blir haldne tysdagar kl. 18** dei aktuelle datoane. Endrar møta til å bli kalla «Bygdekvinnekveld».

#### **Styremøta blir haldne torsdagar kl. 18.**

Elles treng planen nokre justeringar, Bjørg og Mette følgjer opp dette. Planen blir sendt ut til medlemmane når den er endeleg klar.

### **Sak 4 . Aktivitetar før jul**

**2.og 3. des.** – «stand» i Skomakergata med sal av bøker, dialektplakat og div. Petra og Solveig er ansvarleg for å ordne standen/vaktliste.

#### **Førjulshygge 5.des.**

Under planlegging. Invitasjon blir sendt ut så snart dette er avklart. Ein ser føre seg samankomst med kaffi, gløgg og kaker, lotteri, song og lett underhaldning.

### **Sak 5. Møteplan (førebelts oppsett)**

**Medlemsmøte:** 16.jan. 13.feb. 12.mars 9.april 7.mai 10.juni.

**Styremøte:** 25.jan 29.feb. 21.mars 25.april 30.mai Jf. Aktivitetsplanen.

### **Sak 6. Vertinnegrupper**

Treng å justere litt på desse gruppene før neste styremøte, oppsett blir sendt ut i etterkant.

### **Sak 7. Eventuelt**

#### **Innkjøp av PC**

Ønskje om ein eigen berbar pc som kan nyttast i laget. Treng bistand for å finne ut kva som trengst av programvare og hente inn pristilbod. Bjørg følgjer opp.

#### **Kurs**

Laget bør tenkje på kva kurs som kan vere aktuelle å arrangere. Det vil vere viktig å rette desse kursa til yngre deltakarar. Dette bør settast på dagsorden i løpet av komande år.

#### **Godtjersle til deltakar på seminar**

Laget har ikkje lagt inn eigen pott til slike refusjonar i noko budsjett. 3 medlemmer frå laget deltok på inspirasjonsseminar i Stavanger nyleg. Det vart stilt spørsmål om delvis refusjon av utlegg til deltakarane.

Leiar forlet møtet i denne saka, sidan ho var ein av deltakarane.

#### **Vedtak:**

*Deltakarane får refundert delar av utlegget, avrunda til å gjelde for reiseutgiftene.*

Petra følgjer opp.

For framtida er det tenleg at det blir avsett eit årleg beløp som kan nyttast til refusjon av utgifter til kurs/seminar.

Solveig tok sete att, og avslutta møtet.

Magnhild Grønningsæter  
skrivar